

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 18.00 Til kl. 19.30
Aurland	Fjellstyret	Flåm Marina	6.12.23	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, Reidun Bøe Bjørgum, Tor Olav Kvam, Bjørn Ebne.

**Vara-
medlemar** Eirik Sønnerheim

Andre Sigurd Vikesland, May Britt Martinsen, Aron Freyr Gudmundsson, Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

33/23, 34/23, 35/23, 36/23.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

Sak 33/23. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 22. november
- 2) 28.-29.11: Korrespondanse med NFS, Statskog og Statnett i samband med erstatningsspørsmål 420 kv-leidning
- 3) 1.12: Søknad sendt Sogn Sparebank om tilskot til kjøp av lavvo
- 4) Fagsamling for fjelloppsynet, Gardermoen 17.-19.1.24
- 5) Kurs for nye fjellstyre 14. – 15. februar, Hardangerfjord hotell,
- 6) Fellingstal for hjort i Nordheimsdalen fram til no i haust (23 dyr)
- 7) Styregodtgjersle til fjellstyremedlemane for 2023. Oversikt over møtedeltaking vart delt ut.

Merknad: Det vart drøfta korleis styregodtgjersla skulle fordelast mellom medleamar som gjekk ut og dei som kom inn som nye medleamar etter valet i haust. Det vart avgjort at fordelinga vert i samsvar med tal fjellstyremøte haldne før/etter valet, d.v.s. 5/2.

Sak 34/23. Fornyng av partnerskapsavtale mellom fjellstyret og skulane i Aurland

Saksutgreiing med utkast til avtale låg føre.

Samrøystes vedtak:

Den framlagde avtalen vert godkjend og gjeldande for perioden 2024-28.

Sak 35/23. Fjellstyrebudsjettet for 2024

Saksutgreiing med framlegg til budsjett låg føre.

Samrøystes vedtak:

Det utsende budsjettframlegget vert godkjent som fjellstyret sitt budsjett for 2024.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.12.23

Stad: Flåm Marina

Sak 36/23. Høring – kommunedelplan for kulturarv 2024 – 2033

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedteken uttale:

Fjellstyret har følgjande merknader til planen:

A3 - Jakt og fiske

I tillegg til at det framleis er ein villreinbestand i Raudafjell, må det vera med at dette og er tilfelle i den sørleg delen av Nordfjella villreinområde (sone 2), det området som me i Aurland kallar Vestfjelli eller Vestre. Denne stamma er særskild aktuell som grunnlag for tilbakeføring av dyr til sone 1.

3.2 Kulturminne frå eldre tid

Fjellopsynet har i mange år registrert og koordinert festa dyregraver, bogastillingar og hellerar me har kome over under oppsynsturar. Mange er dokumenterte med bilete. Når ein samanliknar med det ein finn ved nettsøk på Kulturminnesøk, ser ein at dei fleste av oppsynet sine registreringar ikkje er å finna der. Truleg er det snakk om eit hundretals, eller meir. Å gjera den jobben som skal til for å få lagt inn desse registreringane i Askeladden vil krevja ein del tid. Dette bør vera såpass interessant for kommunen og andre offentlege instansar med kulturminneansvar at det vil vera rimeleg å få dekt arbeidstida som krevst. Fjellstyret vil føreslå at dette vert teke med under «aktuelle tiltak.»